

– et aktuelt læremiddel
i tidsskriftform

NORSKnytt

ISSN 0801 5368

- Ungdomsspråk
- Den store bokbløffen
- Hamsuns Victoria
- Twitternoveller
- Skam
- Ungdomsspråkleg quiz
- Skriveoppgåver

- Praktiske oppgåver
- Idiom
- Sameblod
- Filmstudieark
- Filmmelding
- Ordpar til forveksling
- Ordforklaringar



REDAKTØR: TONJE NØRINGSET BJORDAL

Kva er Norsknytt?

Norsknytt er eit læremiddel i tidsskriftformat, særleg mynta på norsklærarar i ungdomsskulen. Eit overordna mål for tidsskriftet er å tilby lærarar kopieringsoriginalar, praktiske undervisningstips og fagleg oppdatering. Norsknytt ønsker å gi liv og variasjon til norskundervisninga.

Norsknytt blei starta opp av norsklæraren Jon Hildrum i Namsos i 1976. Nord-Trøndelag fylkeskommune finansierte i ei lengre periode utgjevinga av Norsknytt, for å sikre at tidsskriftet blei tilgjengeleg for alle ungdomsskulene i Nord-Trøndelag. Seinare har tidsskriftet spreidd seg til resten av landet.

Alle tekstane i Norsknytt er omfatta av opphavsrett, men lærarar kan fritt kopiere alt stoff som er tilrettelagt for elevar.

Sidan oppstarten har Norsknytt hatt to redaktørar. Norsklærer Jon Hildrum var redaktør frå 1976 til 2006. Norsklærer Øystein Jetne var redaktør frå 2007 til 2016. Norsklærer Tonje Nøringset Bjordal er redaktør frå 2016.

Vil du abonnere?

Eit årsabonnement (fire nummer per år) kostar 695,- kroner. Bestillinga kan sendast til:

Norsknytt
Postboks 303
7601 LEVANGER

eller:

post@norsknytt.no

Bidragstytarar i dette nummeret:

Øystein Jetne
Astrid Johnsrud
Tonje Nøringset Bjordal

Tidlegare årgangar

Abonnentar på Norsknytt har høve til å bestille tidlegare årgangar til redusert pris. Porto og sendekostnader kjem i tillegg:

♦ Årgangane frå 1990 til 1992 kostar 50,- kroner per årgang.

♦ Årgangane frå 1993 til 2006 kostar 200,- kroner per årgang.

♦ Årgangene fra 2007 til 2016 koster 350,- kroner per årgang.

Innholdsliste for Norsknytt 1-2017

- 4 Filmomtale: *Sameblod*
- 5 Filmstudieark: *Victoria*
- 8 Den store bokbløffen
- 9 Oppgave om ungdomsspråk
- 11 Quiz om ungdomsspråk
- 13 Ungdomsspråk: kreative oppgaver og skriveoppgaver
- 17 Skam-quiz 3 og 4
- 19 Faste uttrykk på norsk
- 26 Ordpar til forveksling
- 27 Twitternoveller: stasjonsskriving
- 24 Nynorsk: Fokus på substantiv
- 27 Stjerneorientering med substantiv
- 35 Skjema for twitternoveller

NORSKnytt

Språk på alle kantar!

Ungdomsspråk er ein sentral del av dette *Norsknytt*-nummeret. Å forske på og reflektere over eigne mønster og talemåtar kan vekke nysgjerrigheit hos både skuleglade og skuleleie ungdommar. Ungdomsspråket er ein sentral del av dei teknologiske omveltingane som internett og auka globalisering medfører. På mange måtar er dette eit felt som ungdommen sjølv veit meir om enn dei vaksne. Samtidig treng ein tradisjonell kunnskap om både språk og språkssystem for å kunne forklare og forske forsvarleg på dette. Kvifor ikkje la ungdommen bruke seg sjølv som forskingsmateriale og port inn til auka interesse for språket vårt?

Koplinga mellom ungdomsspråk og serien *Skam* er naturleg. Også i dette nummeret har den populære serien fått sin plass. Midt oppi fjerde og siste sesong kjem vi ikkje utanom endå litt fleire oppgåver og stoff rundt vanskelege og kontroversielle tema, som dei dyktige serieskaparane bidrar til å ufarleggjere. Igjen byr vi på forslag til både skriveoppgåver og meir kreative oppgåver om skamutsette tema, spesielt i samband med religion. Her er også quiz til både sesong 3 og 4, samt quiz om ungdomsspråk.

Faste uttrykk, eller idiom, kan vere ganske særneigne for norsk tradisjon og kultur, og av og til vanskelege å forklare og forstå. Mange av uttrykka våre går langt tilbake i tid og lar seg ikkje forstå ut frå dagens levemåte. Endå ei praktisk og munnleg oppgåva lar elevane prøve å forklare nokre av desse faste uttrykka våre. Mange av dei er nok ikkje lenger i bruk hos dei unge?

Nynorskforfattaren Frode Grytten har gjort seg populær med meir eller mindre kryptiske budskapar på Twitter-kontoen sin. Twiternoveller har blitt ein eigen sjanger, som også var ei nyskapande, ikkje for alle like velkomen eksamensoppgåve i 2015. Til sist i dette nummeret av *Norsknytt* finn de eit oppgåvesett kopla til twiternoveller, i form av stasjonar med ulike tema og utgangspunkt. Dette er fin trening i å formulere seg kortfatta og relativt kjapt, samtidig som ein får løyst litt opp i elles kanskje stillesittande norsktimar. Å klare å skape noko heilskapleg og poetisk på kort tid, som kan vekke sentimentalitet, latter eller sinne hos medelevar, kan vere ganske inspirerande!

Hamsuns *Victoria* er eit populært verk å studere på ungdomstrinnet, og i dette nummeret følgjer eit filmstudieark som også kan brukast som etterarbeid etter å ha lese verket. Den store bokbløffen er ei artig og praktisk oppgåve, der ein skal bruke kreative evner til å bløffe om bøker ein berre kjenner tittelen på. Dette er dessutan ei fin øving i munnlege ferdigheiter, og kanskje også ei øving i å ufarleggjere den for nokre overveldande situasjonen det er å stå framfor klassen.

Som alltid er redaksjonen interessert i alle former for innspel. Kontaktinformasjon finn du på motsett side.



På 1930-tallet stilte samiske skolebarn seg i rekke for å ta imot svenske raseforskere. (Foto: Sophia Olsson/Storytelling Media)

Første spillefilm noensinne på sørsamisk

«Sameblod» fungerer godt som ungdomsfilm

Undertrykking av samer er hovedtemaet i denne spillefilmen som bør være aktuell også for dagens ungdommer. Hovedpersonen Elle Marja skammer seg over sitt sørsamiske opphav og flytter til Uppsala for å være hundre prosent svensk.

Spillefilmen er bygd opp som en rammefortelling. Både i starten og slutten av filmen møter vi Elle Marja som en eldre kvinne, tilbake på hjemstedet sitt for å delta i lillesøsterens gravferd. Nå er navnet hennes svensk, «Christina», og hun later som om hun ikke forstår et ord sørsamisk, men på slutten hvisker hun likevel et sørsamisk «unnskyld» til sin avdøde lillesøster.

Skam og fornektelse er to gjennomgående temaer i filmen. Allerede som ung tenåring, en gang på 1930-tallet, var Elle Marja flau over å være sørsame, i likhet med mange andre. Når hun hører at det skal være dans med mange svensker til stede, kaster hun samekofta og tjuvlåner en svensk kjole. Lillesøsteren som følger etter, får beskjed om å gjemme seg, og når hun likevel dukker opp, kaller storesøsteren henne for «jævla same» og benekter ethvert bekjentskap.

Skammen blir ikke mindre når hun kranbler med jevngamle gutter, som svarer med å klippe av henne en del av øret som om hun var et reinsdyr.

Sterke scener og stille partier

En av de sterkeste scenene i filmer handler om hvordan svenske raseforskere kommer på besøk til internatskolen for å måle og fotografere samebarnas hoder og kropp. Elevene må kle seg helt nakne i vitenskapens tjeneste. Slike ydmykelser

forekom faktisk, og for dagens elever kan det være nyttig å bli påminnet om denne lite ærefulle delen av Nordens historie.

Sterke er også scenene der Elle Marja blir fryst ut av sin aller nærmeste familie. Først etter at hun har kledd seg i svenske klær, kommer hun tilbake på visitt for første gang. Den talende tausheten virker tidsriktig, men trolig smått sjokkerende for ungdom i dag.

Selv om filmen er helstøpt og godt laget, kan den nok til tider virke litt langsom for dagens unge. De lett erotiske flørtescenene med en svensk gutt fra Uppsala vil nok kunne fenge, men kanskje vil filmen fungere aller best i et klasserom med muligheter for å stoppe opp, gi tilleggsopplysninger, diskutere, fantasere og spole et lite stykke videre. Filmen vil kunne fungere ypperlig i en «samisk filmuke» sammen med «Veiviseren» og «Kautokeino-opprøret».

En grundigere gjennomgang av filmen og gode arbeidsoppgaver for skoleelever finnes foreløpig på svensk. Bruk søkeordene «film-i-skolan» og «Sameblod».


Amanda Kernell: «Sameblod» (110 minutter)

Filmstudieark til Hamsuns Victoria



Før filmen:

- Finn og noter deg navnet på tre andre kjente verk Hamsun skrev i 1890-årene.
- Har du hørt om noen av verkene før? Snakk med andre i klassen om hva dere vet.
- Bruk ulike kilder til å finne ut hvordan Oslo var på 1890-tallet. Finn ut noe om størrelsen på byen, både geografisk utstrekning og innbyggertall. Undersøk også levekårene i Oslo og resten av landet på 1890-tallet.
- Knut Hamsun var kritisk til sine forgjengere. Særlig kritiserte han Henrik Ibsen. Finn ut hva han kritiserte Ibsen for.
- Finn ut hva som var typisk for litteraturen på 1890-tallet. Hva kaller man denne litterære perioden?
- Les de første to kapitlene i boka. Hele boka er tilgjengelig på nett på bokhylla.no dersom skolen ikke har den.




Filmstudieark til Hamsuns Victoria

Underveis og etter filmen:

- På hvilken måte kommer sosiale forskjeller fram i filmen?
 - Hvilke tegn finner du på at «Slottet» har økonomiske problemer? I hvilke situasjoner og hendelser kommer dette fram?
 - Sammenlign de to første kapitlene i boka med det dere har sett på filmen. Er det noen hendelser som mangler eller noen nye som har kommet med?
 - Se særlig på hendelsen med drukningsulykken. Snakk sammen om hvordan denne fremstilles på filmen kontra boka.
- 
- Hvilke valg har filmskaperne tatt og hvorfor? Er det forskjell på hva som kan kommuniseres på film og hva som kan kommuniseres med tekst? Hvilke fordeler og ulemper har de to ulike mediene?
 - Kommer Hamsuns kritikk av Ibsen fram på noen måte? Hvem er bæreren av Hamsuns meninger om datidens forfattere i filmen?
 - Snakk om hva dere synes om filmen og boka. Hvorfor tror dere denne har blitt en klassiker innen norsk litteratur?
 - Kjenner du til andre kjente kjærlighetshistorier med tragisk utfall? Hvilke forskjeller og likheter kan du finne?

Oppgave: tekstutdrag fra *Victoria*

Se på tekstutdraget under, hentet fra kapittel 3. Snakk sammen om språket i utdraget. Er det ord eller uttrykksmåter som høres rare ut i dag? Finn konkrete eksempler. Skriv utdraget på nytt med dagens språk. Her kan du tillate deg å endre på mer enn bare enkeltord. Tenk omskrivingen din skal gjenspeile den måten du selv ville skrevet en slik tekst.

[illegible]

Den store bokbløffen

Når elever presenterer bøker for resten av klassen, er det normalt å forvente at elevene har lest bøkene som de skal fortelle om. Men hva skjer om elevene får beskjed om å holde en ettminuttspresentasjon på sparket, bare med utgangspunkt i boktittelen og forfatter-navnet? Klarer elevene å skape engasjement og leselyst hos tilhørerne?

Alle boktitlene nedenfor er hentet fra ungdomsbøker som ble utgitt på norsk i 2016. En runde med korte improvisasjoner kan øve opp elevenes muntlige ferdigheter, og motivere elevene til å undersøke nærmere boktitlene de har fantasert rundt.

Anna og det franske kysset Stephanie Perkins	Et slott av sølv Aslak Dørum	Hvem er du når jeg blir borte? Kathrine Nedrejord	Mørket kommer innenfra Tyra T. Tronstad
Bare la meg være i fred Bergljot Nordal	Fangarmer Tore Aurstad	I skyggen av sola Kristin Sandberg	Nærmere kommer vi ikke Monika Steinholm
Byen bak murene Ryan Graudin	Fergen Mats Strandberg	Jakten Tom Kristensen	Når hundene kommer Jessica Schiefauer
Det er bare kjærlighet Sverre Henmo	Galderstjerna Asbjørn Rydland	Kanskje det er hjertet Helene Guåker	Om noko skulle skje Ragnar Hovland
Det hjelper ikke å blinke Lena Ask	Gutten på toppen av fjellet John Boyne	Leons hemmelighet Tor Fretheim	Reklameskatten Arne Garvang
Drømmevokteren Ellen Fossum	Hevnen Vera Voss	Man dør litt hver dag Arne Svingen	Sommersverdet Rick Riordan
En glo i asken Sabaa Tahir	Hva er greia? Marci Lyn Curtis	Markspist måne Sally Gardner	Så hyggelig! Chrstian Marstrander
Engel i snøen Anders Totland	Hvem drepte Ibsen? Øystein Runde	Med på leken Kirsten von Hirsch	Utvelgelsen Klera Cass

Ungdomsspråk 1



Ungdom er ein stor bidragsytar når det gjeld å integrere nye ord i språket. Under ser du ei liste over døme på ord som mellom anna dukkar opp i serien *Skam*. Forklar ordet, kom med døme på setningar der ordet kan brukast, og prøv å seie noko om opphavet til ordet. Kva språk trur du det kjem frå opphavleg? Kvifor har vi tatt akkurat dette ordet inn i det norske ungdomsspråket? Ville du sjølv ha skrive ordet på ein annan måte? Korleis? Kvifor varierer skrivemåten, trur du? Skriv i skriveboka di om du treng meir plass.

	Ordforklaring	Eksempelsetning	Opphav	Skrivemåtar
Døme: Smooth	Adjektiv. Blir brukt om nokon eller noko som er veldig kult eller bra.	Takk! Det der var skikkeleg smooth!	Frå engelsk. Kanskje trengst det fleire ord for å uttrykke entusiasme?	Smud, smood, Schmud, shmuud, Schmoooth...
Hooke				
Chill				
Mekke				
Gira				
Fett				
Lættis				
Random				

Ungdomsspråk 2

Ungdom er ein stor bidragsytar når det gjeld å integrere nye ord i språket. Under ser du ei liste over døme på ord som mellom anna dukkar opp i serien *Skam*. Forklar ordet, kom med døme på setningar der ordet kan brukast, og prøv å seie noko om opphavet til ordet. Kva språk trur du det kjem frå opphavleg? Kvifor har vi tatt akkurat dette ordet inn i det norske ungdomsspråket? Ville du sjølv ha skrive ordet på ein annan måte? Korleis? Kvifor varierer skrivemåten, trur du? Skriv i skriveboka di om du treng meir plass.



	Ordforklaring	Eksempelsetning	Opphav	Skrivemåtar
Døme: Smooth	Adjektiv. Blir brukt om nokon eller noko som er veldig kult eller bra.	Takk! Det der var skikkeleg smooth!	Frå engelsk. Kanskje trengst det fleire ord for å uttrykke entusiasme?	Smud, smood, Schmud, shmuud, Schmoooth...
Awesome				
Nørd				
Hoste [håoste]				
Bruh				
Disse				
Føkka				
Psyko				

Quiz om ungdomsspråk 1

FASIT

- | | |
|--|--|
| 1. Kva kallar vi den språklege skilnaden mellom talemålet til eldre og yngre personar? | 1. Sosiolekt |
| 2. Kva kallar ein ord som «lættis», «fett» og «ruler» med eit fellesomgrep? | 2. Slang |
| 3. Kva kallar ein det språket som utviklar seg blant innvandrarar med forskjellig etnisk og kulturell bakgrunn? | 3. Multietnolekt |
| 4. Kva kallar ein det språket som oppstår i møte mellom innvandrarar med same etniske opphav? | 4. Etnolekt |
| 5. Kva kallar ein språket som tar i bruk ord som «loco», «chica» og «amigo»? | 5. Salsanorsk |
| 6. Kva kan ein kalle det første språket ein person lærer? | 6. Morsmål |
| 7. Kva betyr det å «ditch» nokon? | 7. Å forlate, svikte eller dumpe |
| 8. Kva kallar vi norske utgåver av til dømes engelske eller tyske ord? | 8. Lånnord eller importord |
| 9. Kva kallar vi ord som har vore med heilt frå fødselen til eit språk? | 9. Arveord |
| 10. Kva kallar vi ord som kjem frå andre språk, der vi har ivareteidd skrivemåten frå opphavsspråket? | 10. Framandord |
| 11. Frå kva to språk stammar dei fleste av dei eldste framandorda i norsk? | 11. Gresk og latin |
| 12. Fleire meiner vi bør ha færrest mogleg framandord i språket vårt, og heller lage norske variantar av utanlandske ord. Kva kan ein kalle dette fenomenet? | 12. Purisme, norvagisering, språkrensing |
| 13. Kva kan vi med eit fellesomgrep kalle ord som er henta frå religiøse tabu, eller andre tabuområde, som sex og avføring? | 13. Banneord |
| 14. Kva betyr det at noko er «lættis»? | 14. At det er morosamt |
| 15. Kva betyr «seff»? | 15. Selvfølgelig (sjølvsagt) |

Quiz om ungdomsspråk 2

FASIT

- | | |
|---|----------------------------------|
| 1. Kva kallar ein ord som ikkje bør brukast i visse samanhengar fordi dei kan verke støytande? | 1. Tabuord |
| 2. Utan å avsløre for mykje: Kva står forkortinga «TMI» for? | 2. Too much information |
| 3. Kva betyr det at noko er «lø»? | 3. At det er dårleg |
| 4. Kva står forkortinga «WTF» for? | 4. What the fuck |
| 5. Kva kallar vi den svenske versjonen av kebabnorsk? | 5. Rinkebysvensk |
| 6. Kva kan vi kalle den dansken som blir snakka mellom innvandrarar i Danmark? | 6. Perkerdansk |
| 7. Når nokon stiller spørsmålet «sup?» spør dei ikkje etter suppe på trøndsk, men snarare...? | 7. What`s up/kva skjer? |
| 8. Kva kallar ein ei forkorting basert på initialar som blir lesen og uttala som eit vanleg ord? | 8. Akronym |
| 9. Når nokon skriv «ROFL», er det ikkje nødvendigvis eit feilslått forsøk på å stove namnet Rolf. Kva indikerer forkortinga? | 9. Rolling on the floor laughing |
| 10. Kva kallar vi negativt ladde ord? | 10. Minusord |
| 11. Kva kjent, norsk forfattar tok alt i 1894 i bruk ordet «slang» gjennom frasen «Kristiania-jargon, slængen, sprogets ytterste piskesnært»? | 11. Bjørnstjerne Bjørnson |
| 12. Kva betyr «nub»? | 12. Nybegynnar |
| 13. Eit vanleg grep hos ungdom, så vel som vaksne, er å seie det motsette av det ein meiner. Kva kallar ein dette fenomenet, som også er vanleg å bruke i kåseri? | 13. Ironi |
| 14. Kva betyr frasen «wallah»? | 14. Eg svergar/lovar ved Allah |
| 15. Kva betyr ordet «spa», som stammar frå berbisk og kurdisk? | 15. Pen, bra |

Ungdomsspråk ;D



Anten ein er barn, ungdom eller vaksen snakkar og skriv mange av oss ganske ukritisk. Ein har verken tid eller kapasitet til å reflektere over korleis ein ordlegg seg i ein kvar samanheng. Likevel kan det vere formålstenleg å stoppe opp litt og tenke over kvifor ein uttrykker seg som ein gjer. Ein naturleg innfallsvinkel som kan få elevar på ungdomstrinnet til å tenke over språk og språkbruk, er deira eige språk. Dersom dei først stoppar opp og stiller spørsmål ved kvifor ordval og setningsstruktur er som det er, kan dette sette i gang ei naturleg nysgjerrigheit rundt språk (og kanskje til og med grammatikk!).


- Kvifor brukar eg dei same orda om att og om att?
- Kvifor endrar eg ordbanken min på veg frå ein kompis til middagsselskap hos bestemor?
- Plukkar eg opp fleire ord frå enkelte menneske rundt meg enn andre? Kvifor?
- Kven rundt meg er eg sjølv med på å påverke språket til?
- Korleis vil eg ideelt sett at språket mitt og andre sitt skal vere?
- Ønskjer eg egentleg banning, eller er det blitt ein refleks?

Rekka med spørsmål er endelaus! På dei neste sidene følgjer ei rekke kreative og aktive oppgåver med utgangspunkt i temaet ungdomsspråk. Nokre av oppgåvene refererer til serien *Skam*, men ein treng ikkje å bruke denne for å kunne løyse oppgåvene på ein god måte. Fleire av oppgåvene fordrar moglegheit for å bevege på seg og/eller bruk av PC.

Oppgåver om ungdomsspråk

Oppgåve 1

På kva måte har ungdom eit eige språk? Finn døme som viser at ungdom har eit litt anna språk enn vaksne. Finst det eit mønster for kva ord som blir bytta ut og når? Kva språk er orda henta frå? Finst det forskjellige typar ungdomsspråk? Lag ei oversikt, til dømes i form av ein plakat eller brosjyre, der du viser ulike sider ved ungdomsspråket, slik du oppfattar det.



Oppgåve 2

Lag ei ordliste over det norske ungdomsspråket slik du meiner det ser ut i dag, og ut frå kva ord du kjem på. Du kan også sjå på nokre av klippa frå *Skam* på Nr.no/p3 for å finne fleire ord som er særegne for ungdommar. Skriv forklaring til orda, slik som i ei vanleg ordliste. Ver så presis som mogleg.


Merk at dei norske ordbøkene ofte tilbyr stor valfridom når det gjeld skrivemåte! Kanskje er det også valfridom når det gjeld skrivemåte av særegne ord for ungdom?

Oppgåve 3

Lag og gjennomfør eit miniintervju med ungdommar i litt ulik alder i nærmiljøet ditt. Er det forskjellar i måten dei snakkar på? Finn du forskjellar som går på alder og kjønn? Kva med kor foreldra kjem frå? For å ha godt grunnlag for å kunne sjå over materialet i etterkant av intervjuet kan det vere lurt å anten filme eller ta opp intervjuet på lydopptak.

Oppgåve 4

Finst det eit eige kroppsspråk for ungdommar? Sjå til dømes på nokre klipp frå *Skam* eller ein annan serie for og med ungdom. Lag ei liste over rørsler som du trur kan vere felles for ungdommane. Lag ei kolonne der du skildrar rørsla, ei kolonne der du skriv kva ho kommuniserer og ei kolonne der du prøver å teikne situasjonen og rørsla.



Oppgåve 5

Sett opp eit miniskodespel for klassen der ei av rollene har eit utprega ungdomsspråk, medan ei anna av rollene er ein person på over sytti år. Handlinga skal dreie seg rundt at det kan oppstå misforståingar i dialog mellom to personar med ulik sosiolekt og/eller bakgrunn.

Oppgåve 6


Det engelske språket har bidratt med fleire nye ord til det norske språket, og spesielt ungdomsspråket. «Caps» og «bacon» er døme på ord som har blitt godt integrerte i norsk. Er det nokre ord du skulle ønske var ein meir naturleg del av språket ditt? Altså ord som finst på engelsk, men som vi ikkje har tilsvarande på norsk? Finst det tilfelle der du må bruke engelsk for å få sagt det du vil? Lag ei liste over ord du meiner manglar på norsk, eller som endå ikkje er naturlege å bruke i norsk. Skriv deretter eit kort lesarinnlegg til lokalavisa di, der du får fram kor fortvilande det kan vere å ikkje få uttrykt det ein ønsker.

Oppgåver om ungdomsspråk

Oppgåve 7

Både ungdom og vaksne brukar i dag emojiar/uttrykksikon som ein vesentleg del av kommunikasjonen sin. Klarer du å skape eit meningsberande skodespel, eller ein dialog, med minimum to personar, der emojiar utgjer dei einaste teikna?

Spørsmålsteikn og utropsteikn er også lov å bruke!



Oppgåve 8

Er det forskjell på ungdomsspråk i ulike delar av landet? Kanskje er det til og med forskjellar innanfor enkelte norske fylke-, by- eller kommunegrenser? Ta utgangspunkt i det området du er frå sjølv, eller eit anna område du kjenner godt. Skriv ein tekst der du trekker inn døme på at ungdomsspråket kan vere ulikt frå stad til stad.

Oppgåve 9

Både *Skam* og andre seriar og program for ungdom brukar musikk som verkemiddel, både for stemninga sin del, men også for å understreke budskapet. Lytt til og/eller les nokre døme på songtekstar som er brukt i *Skam* eller ein annan serie eller film. På kva måte bidrar songen til å få fram budskapet? Er det nokre spesielle ord som gjer at songen passar i ein serie for ungdom? Har forfattaren av teksten ein spesiell stil med tanke på ordval? Skriv ein tekst der du brukar korte sitat frå tekstane som døme og forklarar korleis desse kan understreke budskapar i serien.



Oppgåve 10

Emojibanken utvidar seg stadig. Det er knapt ei kjensle ein ikkje får uttrykt med hjelp av ein emoji. Kan slike forenkla uttrykk for mennesket sitt kjensleliv øydelegge nyansane i det intrikate systemet vi alle utgjer? Eller får vi i større grad til å kommunisere vanskelege stemningar til medmenneska våre ved hjelp av desse gule figurane? Skriv ein drøftande tekst der du tar for deg fordelar og ulemper med ein såpass utstrekt bruk av uttrykksikon.

Oppgåve 11

Ein kan ha mange humoristiske innfallsvinklar til språk, og kanskje ungdomsspråk spesielt. Lag først ei liste for deg sjølv, der du samlar nokre uttrykksmåtar eller ord som kan verke litt rare for ein som ikkje er inni ungdomsmiljøet. Skriv deretter eit kåseri der du harselerer, ironiserer og er sarkastisk overfor måten ungdom uttrykker seg på. Her kan du trekke inn både rare ordval, overdriven bruk av engelsk, emojiar, sosiolektar, chat, slang og alt anna du eventuelt måtte forbinde med ungdomsspråket.

Skamfulle skriveoppgåver

1. Korleis er språket til dei ulike karakterane i *Skam*? Korleis snakkar dei til kvarandre? Er det forskjell på korleis dei snakkar til vaksne og måten dei snakkar til kvarandre? Skriv ein tekst der du brukar femavsnittsmodellen og skildrar språket i *skam*. Bruk konkrete døme.
2. Kven er Sana som person? Skildre først hennar ytre og indre eigenskapar i form av ei liste. Lag deretter ei liste over eigenskapar som er heilt motsett av Sana sine. Vel ei scene frå *Skam* og skriv ein kreativ tekst med utgangspunkt i ein person som er heilt motsett av Sana.
3. Når vi er med Sana og Isak i biologi-timane, blir bildet kutta før hovudet til læraren, slik at vi berre får sjå magen og brysta. Kvifor trur du det er gjort på denne måten? Forklar og reflekter over denne teknikken. Trur du serieskaparane vil seie noko spesielt gjennom å gjere det på denne måten? Finn også andre døme på teknikkar, til dømes klipping, som er litt særeigne. Skriv ein reflekterande tekst.
4. I ein samtale om religion mellom Sana og Yousef i episode 4, ("Det beste fra islam") seier Yousef følgjande: "Hvis religion er så bra, hvorfor splitter det samfunnet?" Skriv ein tekst til eit ungdomsmagasinet "Religion i fokus" der du drøftar utsagnet. Trekk inn døme både frå serien og frå din eigen kvardag, samt døme frå minst to forskjellige religionar.
5. Kva argument brukar Sana for å forsvare islam, og det å støtte seg til religion generelt? Tenk at du skal skrive eit lesarinnlegg i eit vitskapleg tidsskrift, og du at du skal argumentere for religion. Du kan godt bruke fleire religionar som døme og argument. Sjå nokre klipp frå sesong 4 som inspirasjon.
6. Sjå klippet "Det beste fra islam", sesong 4, episode 4 (<http://skam.p3.no/>). Tenk deg at du er Sana og bestemmer deg for å bryte med religionen. Skriv ein kreativ tekst som startar med at du skal fortelje foreldra dine at du har tatt dette valet.
7. Sjå klippet «Det beste fra islam», sesong 4, episode 4 (<http://skam.p3.no/>). Tenk deg at du er Sana og bestemmer deg for å leve endå meir i tråd med religionen din. Skriv ein kreativ tekst der høgdepunktet er ein situasjon der du må ta eit val som inneber at du må trekke deg unna nokre av vennane dine.



SKAM-QUIZ 3

FASIT

- | | |
|--|--|
| 1. Kva rollefigur har hovudrolla i sesong 3 av <i>Skam</i> ? | 1. Isak |
| 2. Kva heiter skodespelaren som spelar denne hovudrolla ? | 2. Tarjei Sandvik Moe |
| 3. Kva heiter sjukdommen som Even har? | 3. Bipolar lidelse |
| 4. Kva heiter jenta som Isak «hookar» med i sesong 3? | 4. Emma |
| 5. Kva heiter chattegruppa til Noora, Eskild, Isak og Linn? | 5. «Kollektivet» |
| 6. Kva heiter sjekke-appen som Eskild brukar? | 6. Grindr |
| 7. Kva for kvinnelege, litt tvilsame amerikanske politikar er Even opptatt av? | 7. Sarah Palin |
| 8. I kva fag er det Sana og Isak sit saman? | 8. Biologi |
| 9. Kva brukar Sana for å tvinge Isak til få kompisane sine til å bli med i Kosegruppa? | 9. Ho nektar å gi tilbake narkotikaen som ho fann på ein fest. |
| 10. Kva problem går Isak til den såkalla skulelegen med? | 10. Han slit med søvn |
| 11. Kva kallar Isak seg på Instagram? | 11. isakyaki |
| 12. Kva siktar Eskild til når han seier at han skal kjøpe ein «bab»? | 12. Kebab |
| 13. Kva heiter dama til Even? | 13. Sonja |
| 14. Kva spørsmål stiller Magnus Vilde når han skal sjekke henne opp? | 14. «Liker du katter?» |
| 15. Kva heiter den tradisjonsrike julesongen frå <i>Skam</i> -klippet som blei kåra til årets tv-augneblink på Gullruten 2016? | 15. O helga natt |

SKAM-QUIZ 4

FASIT

- | | |
|--|---|
| 1. Kva heiter hovudrollefiguren i sesong 4 til etternamn? | 1. Bakkoush |
| 2. Kva heiter kjærasten til Vilde? | 2. Magnus |
| 3. Kvifor går Sana med på at jentene skal slå seg saman med Pepsi Max-gjengen? | 3. Fordi russebussen dei vil ha er for dyr |
| 4. Kva kosta russebussen? | 4. 300 000 kroner |
| 5. Kva kallar <i>Skam</i> -jentene chattegruppa si for? | 5. Olafiaklinikken |
| 6. Kva heiter broren til Sana? | 6. Elias (Bakkoush) |
| 7. Kva var det som øydela mellom Noora og William? | 7. Noora møtte ikkje opp til rettssaka mot bror hans |
| 8. <i>Skam</i> -regissøren baserer nokre av scenene på noko litt uvanleg. Kva? | 8. Teikningar som fansen har laga |
| 9. Kor jobbar Yousef? | 9. I ein barnehage |
| 10. Kvifor er foreldra til Sana skeptiske til Yousef? | 10. Han drikk alkohol |
| 11. Kvifor har Yousef brote med islam, ifølgje han sjølv? | 11. Fordi fleire religionar, inkludert islam, ikkje aksepterer homofili |
| 12. Kva kallar Sana seg på Instagram? | 12. Therealsanabakkoush |
| 13. Kva arbeider faren til Sana som? | 13. Kirurg |
| 14. Kva står på baksida av mobilen til Sana? | 14. «Black is my happy color» |
| 15. Kven har skrive songen «Imagine» som heile gjengen syng på karaokebar? | 15. John Lennon |

Faste uttrykk på norsk – hva betyr de?

Alle som har sett på Paradise Hotell vet at det kan være vanskelig å huske hvordan de faste uttrykkene egentlig er og hva det betyr. Under finner du en «kortstokk» med mange faste norske uttrykk. En morsom måte å teste og trene kunnskapen om hva de betyr kan være å lage en konkurranse inspirert av brettspillet Kokkelimonke.

Forberedelser:

- Del elevene i grupper på 4-6 elever
- Kopier et sett med uttrykk til hver gruppe og klipp ut kortene
- Kortstokken til gruppen må ligge med skriften ned
- Elevene trenger papirlapper på størrelse med kortene og skrivesaker
- Ark til poengoversikt



Oppgave – Kokkelimonke

En av dere er leder (dette går på omgang med klokka). Lederen trekker et kort fra kortstokken og leser uttrykket som står på kortet, men ikke forklaringen. Resten skriver en forklaring av hva de tror uttrykket betyr på en lapp. Hvis du ikke vet hva det betyr kan du dikte og finne på noe lurt. Det kan lønne seg å finne på en god forklaring. Lederen skriver den riktige betydningen på en lapp. Lederen kan godt bruke sine egne ord.

Alle forklaringene leveres til lederen. Lederen leser stille gjennom forklaringene og tar bort de som har gjettest riktig. Deretter nummererer lederen forklaringene i tilfeldig rekkefølge og leser dem for gruppen. Alle velger på omgang den forklaringen de tror er rett. Det er personen til venstre for lederen som begynner å gjettest.

Når alle har gjettest forteller lederen hvilket svar som var riktig. Du får to poeng for å gjettest riktig forklaring, men du får også ett poeng for hver person som har gjettest at din forklaring er den rette. Poengene telles opp og noteres i en poengoversikt. Rollen som leder går videre til neste person som trekker et nytt kort. Fortsett rundt til alle i gruppa har vært leder en, to eller tre ganger.

NUMMER 1 <i>Brenne sitt lys i begge ender</i> Betydning: å slite seg ut	NUMMER 2 <i>Det gikk i vasken</i> Betydning: at noe ikke gikk som planlagt
NUMMER 3 <i>På hengende håret</i> Betydning: at noe så vidt går bra	NUMMER 4 <i>Få en kald skulder</i> Betydning: å bli avvist av noen
NUMMER 5 <i>Ha det som plommen i egget</i> Betydning: å ha det veldig bra	NUMMER 6 <i>Ha en finger med i spillet</i> Betydning: å påvirke noen eller noe
NUMMER 7 <i>Ha ryggen fri</i> Betydning: å ikke ha gjort noe galt	NUMMER 8 <i>Ha sitt på det tørre</i> Betydning: ha gjort alt på den riktige måten
NUMMER 9 <i>Ikke legge fingrene mellom</i> Betydning: å si noe rett ut, eller kjefta på noen	NUMMER 10 <i>Kjøpe katta i sekken</i> Betydning: å kjøpe noe som viser seg å være dårlig

NUMMER 11 <i>Stikke hodet i sanden</i> Betydning: unngå noe som er vanskelig	NUMMER 12 <i>Stikke kjepper i hjulene for noen</i> Betydning: ødelegge for noen
NUMMER 13 <i>Stå på pinne for noen</i> Betydning: gjøre alt for noen	NUMMER 14 <i>Ta bena på nakken</i> Betydning: Stikka av veldig fort
NUMMER 15 <i>Ta munnen for full</i> Betydning: Love mer enn man kan holde	NUMMER 16 <i>Ta på med silkehansker</i> Betydning: Være veldig forsiktig med noen
NUMMER 17 <i>Trampe i klaveret</i> Betydning: dumme seg ut skikkelig	NUMMER 18 <i>Gå hus forbi</i> Betydning: Ikke få med seg noe
NUMMER 19 <i>Være i fyr og flamme</i> Betydning: Være veldig ivrig og engasjert	NUMMER 20 <i>Være rundhåndet</i> Betydning: Være raus og gi mer enn man må

NUMMER 21 <i>Slinger i valsen</i> Betydning: slurv	NUMMER 22 <i>Skue hunden på hårene</i> Betydning: Dømme noen etter utseendet.
NUMMER 23 <i>Ha skjelett i skapet</i> Betydning: Ha skumle hemmeligheter	NUMMER 24 <i>Gjøre noen en bjørnetjeneste</i> Betydning: gjøre noe som er snilt ment, men som blir det motsatte
NUMMER 25 <i>Ha svin på skogen</i> Betydning: Holde noe skjult. Gjemme unna noe	NUMMER 26 <i>Spille med åpne kort</i> Betydning: Være 100% ærlig
NUMMER 27 <i>Slå på tråden</i> Betydning: å ringe til noen	NUMMER 28 <i>Være klar som en egg</i> Betydning: At man er klar for det som skal skje og gleder seg
NUMMER 29 <i>Falle mellom to stoler</i> Betydning: ikke høre til noe sted	NUMMER 30 <i>Legge kortene på bordet</i> Betydning: fortelle sannheten uten å holde igjen noe

NUMMER 31 <i>Se gjennom fingrene med noe</i> Betydning: godta noe selv om det ikke er helt perfekt	NUMMER 32 <i>Ha øyne i nakken</i> Betydning: å få med seg alt
NUMMER 33 <i>Slippe katta ut av sekken</i> Betydning: avsløre noe ved en feil	NUMMER 34 <i>Kjempe med nebb og klør</i> Betydning: bruke alle midler for å vinne
NUMMER 35 <i>Ha ben i nesa</i> Betydning: være tøff, ha pågangsmot	NUMMER 36 <i>Slå inn åpne dører</i> Betydning: kjempe for en sak som alt er vunnet
NUMMER 37 <i>Ha en høne å plukke med noen</i> Betydning: å ha noe uoppgjort med noen	NUMMER 38 <i>Slå to fluer i en smekk</i> Betydning: få gjort to ting med kun en handling
NUMMER 39 <i>Holde tunga rett i munnen</i> Betydning: konsentrere seg om noe som er vanskelig, ikke trå feil	NUMMER 40 <i>Holde tråden</i> Betydning: hold fokus på det man skal

Hvor kommer uttrykket fra?

Svin på skogen:

Å ha svin på skogen betyr at noen prøver å oppnå en fordel ved å holde noe skjult for andre. Uttrykket er gammelt og kommer fra tiden før skattekortet og selvmeldinga. Folk betalte også da skatt etter hvor mye de tjente, men skatten ble fastsatt av likningsfunksjonærene som reiste rundt og beregnet skatt. Skatten ble fastsatt på bakgrunn av hva folk eide av jord, dyr og andre verdier. For å betale mindre i skatt var det derfor noen gårdeiere som gjemte bort noen av dyra sine i skogen så de ikke ble regnet med i likninga. Å ha svin på skogen er derfor egentlig skattesnyteri.



Klar som en egg:



Uttrykket betyr å være klar, godt forberedt og ivrig etter å sette i gang med en oppgave noe. De fleste sier at de er klar som *et* egg, men det er uenighet om det er dette som egentlig er det opprinnelige uttrykket. Hva er det som gjør at et egg er så godt egnet til å beskrive at noen er klar for noe? I stedet er det sannsynlig at det ikke er snakk om et egg som du kan spise til frokost, men en egg, altså den skarpe delen av en kniv. Å være klar som en egg betyr altså at du er klar som en nyslipt og blankpolert kniv til å gå løs på en oppgave.

NUMMER 41 <i>Over stokk og stein</i> Betydning: at noe er ute av kontroll	NUMMER 42 <i>Mellom barken og veden</i> Betydning: å være i en vanskelig posisjon
NUMMER 43 <i>Slippe gjennom nåløyet</i> Betydning: å oppnå noe som er meget vanskelig	NUMMER 44 <i>På stående fot</i> Betydning: å måtte gjøre noe uten å kunne forberede seg
NUMMER 45 <i>Møte veggen</i> Betydning: å ikke orke mer, bli utbrent	NUMMER 46 <i>Miste hodet</i> Betydning: å tape evnen til å tenke klart et øyeblikk
NUMMER 47 <i>Snakke rett fra levra</i> Betydning: å si akkurat det man mener, gjerne noe ubehagelig	NUMMER 48 <i>Slenge med leppa</i> Betydning: si noe stygt til noen, ofte impulsivt
NUMMER 49 <i>Ta grep</i> Betydning: vise handlekraft, endelig gjøre det man har tenkt	NUMMER 50 <i>Gråte tørre tårer</i> Betydning: ikke sørge, selv om det er forventet/påkrevd

Hva er forskjellen?

Noen ord lar seg lett forveksle med andre. Nedenfor finner du ni slike ordpar. Skriv en setning med hvert av ordene slik at det kommer tydelig fram hva ordene betyr, eller skriv en ordforklaring av den typen som du kan finne i ordbøker.

Hylene _____

Hylende _____

Kjeve _____

Skjeve _____

Satt _____

Satte _____

Hvis _____

Vis _____

Hente _____

Hendte _____

Fjerde _____

Fjære _____

Halvt _____

Halt _____

Sjekk _____

Kjekk _____

Rotten _____

Råtten _____

Twitternoveller

Ei twitternovelle er ein kort, skjønnlitterær tekst som stammar frå nettstaden Twitter. Frode Grytten er ein av forfattarane som har tatt i bruk dette mediet for å formidle korte, poesiliknande budskap til følgjarane sine. Poenget med ei twitternovelle er å formidle ei historie med ytst få ord.

Tradisjonelt har ei Twitter-melding berre 140 teikn. Dette er dermed ei fin øving i å få fram konkrete budskapar med få ord. Her er det ikkje rom for å vere omstendeleg.

Såkalla hurtigskriving medfører at ein må fokusere intenst den korte tida skrivinga pågår. Ein må få noko ned på papiret kjapt. Dette er god trening både i å arbeide effektivt, men også i å få mest mogleg meining ut av kvart ord.

Eksamensoppgåvene for 10. trinn inneheldt i 2015 ei oppgåve som var inspirert av twitternovellekonseptet. På dette tidspunktet var nok konseptet mindre allment kjent, og mange elevsvar var lengre enn 140 teikn, noko oppgåva for øvrig heller ikkje presiserte at var eit krav.

På dei neste sidene følgjer eit oppgåvesett med twitternovelleskriving til ulike tema. Elevane flyttar seg frå stasjon til stasjon og produserer ein ny korttekst kvar runde. På kvar stasjon ligg det eit skjema der kvar elev/elevpar skal fylle inn den endelege teksten dei vil levere før dei går vidare. Dette skjemaet skal ligge igjen etter elevane, slik at neste elev/elevpar kan la seg inspirere. Til slutt ligg det altså eit skjema (eller fleire) med like mange svar på same oppgåve, som tal på elevar/grupper som har vore innom.

Nokre døme på twitternoveller

Sjå Twitterkontoen til Frode Grytten for mange gode døme.

Under er ei av dei mest kjende seksordsnovellene, som kan minne mykje om twitternoveller, skriven av Ernest Hemingway:

Baby shoes

For sales

Never worn



Stasjon 1: ensomhet




Alle kjenner til tider på ensomhet og det å ikke være en del av gjengen. Bruk bildene over som inspirasjon og skriv en twitternovelle med temaet ENSOMHET.

Lengde: maksimum 140 tegn. Du velger selv om du vil skrive på nynorsk eller bokmål. Den endelige twitternovella skal du skrive inn på vedlagte ark. La deg inspirere av eventuelle twitternoveller som allerede er skrevet inn på arket. Lag en passende tittel med maksimum to ord.

Tidsbruk: et kvarter. Husk å skrive navn ved siden av teksten!

Stasjon 2: samarbeid



Bruk PC-en til å gå inn på Youtube og se filmen "Cooperation" (1 min og 20 sek --> <https://www.youtube.com/watch?v=uL5mHE3H5wE>). Bruk øreplugger om du vil ha lyd på.

Skriv en twitternovelle der SAMARBEID er temaet.

Lengde: maksimum 140 tegn. Du velger selv om du vil skrive på nynorsk eller bokmål. Den endelige twitternovella skal du skrive inn i vedlagte skjema. La deg inspirere av eventuelle twitternoveller som allerede er skrevet inn på arket. Lag en passende tittel med maksimum to ord.

Tidsbruk: et kvarter. Husk å skrive navn ved siden av teksten!

Stasjon 3: Samhold


Skriv en twitternovelle som inneholder tre av ordene på lista under. Novella skal i tillegg ha **SAMHOLD** som tema.

Lengde: maksimum 140 tegn.

Du velger selv om du vil skrive på nynorsk eller bokmål. Den endelige twitternovellas skal du skrive inn på vedlagte ark. La deg inspirere av eventuelle twitternoveller som allerede er skrevet inn på arket. Lag en passende tittel med maksimum to ord.

Tidsbruk: et kvarter

Husk å skrive navn ved siden av teksten!



KRUTT	KJOLE	ØRKEN
OFFER	KOLLAPS	SPINAT
	BOBLEJAKKE	FETAOST
DØDSSTRAFF	KULDE	PÅSKEKRIM
JULEBALL	ORKAN	BØLLE
KJÆRLIGHET	GIFTIG	ASFALT
	LENKE	PINGVIN
KANON	GAVE	LYKKE
METAMORFOSE	PLAYSTATION	OPPKAST
RØYK	TENNIS	KOREA
MANDARIN		
ILD	GEVÆR	PYRAMIDE

Stasjon 4: sjalusi



Har du noen gang selv kjent på en følelse av å være sjalu? Dersom du ikke kommer på en konkret episode, kan du ta utgangspunkt i bildet over. Skriv en twitternovelle om SJALUSI.

Lengde: maksimum 140 tegn. Du velger selv om du vil skrive på nynorsk eller bokmål. Den endelige twitternovella skal du skrive inn i vedlagte skjema. La deg inspirere av eventuelle twitternoveller som allerede er skrevet inn på arket. Lag en passende tittel med maksimum to ord.

Tidsbruk: et kvarter. Husk å skrive navn ved siden av teksten!

Stasjon 5: kjærlighet



Bruk PC-en og søk opp teksten til den siste sangen du hørte på. Dersom du har øreplugger, kan du lytte til sangen som inspirasjon.

Skriv en twitternovelle som involverer KJÆRLIGHET i tillegg til elementer fra sangen du nettopp har lyttet til og lest teksten til.

Lengde: maksimum 140 tegn. Du velger selv om du vil skrive på nynorsk eller bokmål. Den endelige twitternovella skal du skrive inn på vedlagte ark. La deg inspirere av eventuelle twitternoveller som allerede er skrevet inn på arket. Lag en passende tittel med maksimum to ord.

Tidsbruk: et kvarter. Husk å skrive navn ved siden av teksten!

Stasjon 6: hat



Gå inn på [Nrk.no](http://nrk.no) og les de siste overskriftene som er omtalt på framsiden. Finner du en sak som på en eller annen måte har å gjøre med hat? Les saken og la deg inspirere til å skrive en twitternovelle med HAT som tema.

Lengde: maksimum 140 tegn.

Du velger selv om du vil skrive på nynorsk eller bokmål. Den endelige twitternovella skal du skrive inn på vedlagte ark. La deg inspirere av eventuelle twitternoveller som allerede er skrevet inn på arket. Lag en passende tittel med maksimum to ord.

Tidsbruk: et kvarter. Husk å skrive navn ved siden av teksten!

Stasjon 7: løgn



s



Skriv en twitternovelle med løgn som tema. Bruk bildene over som utgangspunkt.

Lengde: maksimum 140 tegn.

Du velger selv om du vil skrive på nynorsk eller bokmål. Den endelige twitternovella skal du skrive inn på vedlagte ark. La deg inspirere av eventuelle twitternoveller som allerede er skrevet inn på arket. Lag en passende tittel med maksimum to ord.


Tidsbruk: et kvarter. Husk å skrive navn ved siden av teksten!

Skjema for twitternoveller

Før inn den endelige versjonen av twitternovellen som du/dere har skrevet på denne stasjonen, før du/dere går videre til neste stasjon. Dette skjemaet skal ligge igjen til den/de neste som kommer til denne stasjonen. Skriv navn på novelleforfatteren/forfatterne i kolonnen til høyre.

Twitternovelle #1	Navn:
Twitternovelle #2	Navn:
Twitternovelle #3	Navn:
Twitternovelle #4	Navn:
Twitternovelle #5	Navn:

B-økonomi



NORSKnytt

Norsknytt nummer 1-2017

Returadresse:
Norsknytt
Postboks 303
7601 LEVANGER

Ludvig Holberg (1684–1754)

Sitat fra *Henrich og Pernille*

*Jeg er ikke misunnelig, men jeg kan ikke nekte,
at om jeg på en god måte kunne vrikke halsen
om på ham,
så gjorde jeg det.*